

Låven halvfull til låvedans-starten

19.04.2011



Åmlis Band er klare for Dønhaug

**I morgen kveld (onsdag) tartar Dønhaug Gjestegard låvedans-sesongen med populære Åsmund Åmli Band frå Setesdalen på scena.**

**Det blir nok eit høgdepunkt i påska her i dalen, for inntil måndag ettermiddag var det førehandssett 250 billettar.**

**Magne Huglen har løyve til å ta inn 450 på heile området.  
Ledige billettar blir lagt ut ved porten klokka 20.30.**

- Dette er svært lovande og avgjerande også for planleggjringa av resten av sesongen, seier Magne Huglen som ikkje minst er glad for avklaringa med kommunen. Ei tid var det uvisst om det ville bli nokon låvedans i påska.

Førebelts har Huglen ikkje avgjort om det blir pubkveld i Dønhaugkjedlaren eller låvedans 14. mai, men dette er ei langhelg og det er viktig at det skjer noko i Uskedalen denne helga.

Kven som kjem for å spela i kjedlaren eller på låven veit ikkje Huglen - han har fleire tilbod.

Det har han også for låvedansensom er beramma til 11. juni. To pubkveldar er spikra - det er Blueskvelden 24. juni og den irske kvelden med Andrea Rice 21. juli.

Programmet når det lir mot haust har Huglen førebels ingen oversikt over - mykje avheng av korleis det går på denne sida

av sommaren. Men han held altså koken også i 2011-sesongen.

Av Ola Matti Mathisen

**Oversikten over det som skal skje i sommar finn ein ved å trykka på  
DET SKJER i USKEDALEN til venstre på forsida**